

NVE AS

[uttalelse@nve.no](mailto:uttalelse@nve.no)

Vår referanse:  
1127348501/2824467

Ansvarlig advokat:  
Frode S. Halvorsen

Dato:  
20. desember 2023

## **MERKNAD TIL KONSESJONS- OG EKSPROPRIASJONSSØKNAD NY ØYGARDEN TRANSFORMATORSTASJON MED TILHØRENDE KRAFTLINJER - SAKSNR. 2023- 09373**

### **I. Innledning**

Det vises til Statnett sin søknad av juni 2023 om konsesjon og ekspropriasjon for Ny Øygarden transformatorstasjon med kraftlinjetraseer og til NVE sitt høringsbrev av 23.10.2023 med høringsfrist for merknader satt til 20.12.2023.

Det gis merknader til søknaden på vegne av

- Oksneset AS, Jakob Kåre Blom, Kirsten Flåten, Kjell Arne Blom og Arild Martin Blom, eiere av eiendommen gnr 140 bnr. 133 m.fl. i Øygarden

Merknaden knytter seg til omlegging/utvidelse av linjetrase over Oksneset mot Mongstad, som går over eiendommen gnr. 140, bnr. 133 m.fl.

### **II. Søknaden om ekspropriasjon og konsesjon**

Oksneset næringsområde er utviklet av grunneierne for å legge til rette for landbasert oppdrettsanlegg for Blom Salmon AS. Før utbygging av oppdrettsanlegget skal det tas ut masser av tomten og planeres. Reguleringsplan for næringsområdet er en videreføring av plan for 2012, som i hovedsak regulerte området til industriområde og trafikkområde i sjø. Det går i dag en 300 kV kraftlinje gjennom planområdet som nå er foreslått utskiftet. Ekspropriasjonssaken og konsesjonssaken gjelder ny 420 kV-linje som søkes lagt gjennom det samme regulerte planområdet. Det vedlegges reguleringsplankart (vedlegg 1) og føresegner for planområdet vedtatt 11.5.2023 (vedlegg 2).

Endelig utforming av næringsområdet og bygningsmasser på eiendommen er ikke ferdigstilt.

Som det fremgår av reguleringsplanen, er trase for dagens 300 kV trase markert gjennom reguleringsområdet.

Når det nå søkes om ekspropriasjon og konsesjon for en 420 kV trase i området, henstilles til at foreslått trase justeres og legges på eiendommene langs området som er avsatt til

næringsutvikling, i stedet for å gå tvers gjennom næringsområdet og dele dette i to med ytterligere utvidelse av klausuleringsbeltet.

På vegne av grunneierne gjøres gjeldende at den interesseavveining som skal gjøres i ekspropriasjonssaken etter oreigningsloven § 2 tilsier at ny 420 kV trase legges utenfor selve næringstomten på eiendommen når der er tilstøtende området som kan nyttes til formålet.

Grunneierne har søkt å vise alternativ trase for kraftlinje i dette området, som de kan samtykke til og som sparer selve næringstomten, hvor kraftlinjetrase legges langs næringsarealet. En illustrasjon av dette er vist på kartskisse vist med gul markering (vedlegg 3 og 4).

Illustrasjonen av foreslått alternativ trase er også søkt vist på vedtatt reguleringskart (vedlegg 5).

Som det fremgår av reguleringskartet, er foreslått alternativ trase avsatt til vei og infrastruktur området H410. I reguleringsforesegnene er dette formålet i punkt 9.5 (9.4) gitt slik beskrivelse:

#### *«9.4.1 Infrastruktursone H410*

*Omsynssoner for infrastruktur er på totalt 42 meter. I soner kan det etablerast ny ledningstrase for auka nettkapasitet».*

Når det nå først skal gjennomføres oppgradering av nett gjøres gjeldende at det ikke er nødvendig å legge traseen gjennom område, som nylig er regulert til næringsformål og som vil dele næringsarealet i to, når det er tilstøtende arealer som i reguleringsplanen er satt av til nettopp alternativ ny ledningstrase for øket nettkapasitet.

For grunneierne er det av svært stor viktighet om næringstomten kan nyttes uten en slik oppdeling av tomten. Det er store utsprengninger og utbygginger som skal skje innenfor næringsområdet for å dekke behovene for landbasert akvakultur. Det gjelder bygningsmasse, fiskekaranlegg, gasstanker, bygg for vannbehandling, andre tekniske installasjoner mv. Med en kraftlinjetrase gjennom området vil det blir klare begrensninger for hvorledes tomten kan nyttes og det vil også påvirke kostnadene ved utbygging. Likeledes vil det får konsekvens for senere effektiv drift av det landbaserte oppdrettsanlegget.

Det gjøres gjeldende at det utover disse interesser for grunneierne også må være betydelig samfunnsmessig interesse at den fremtidige 420 kV traseen ikke deler opp næringstomten, men plasseres langs næringstomten i avsatt område.

På vegne av grunneierne gjøres det derfor gjeldende at det ikke er tvilløst at en ny 420 kV linje gjennom tomten avsatt til næringsområdet for landbasert fiskeoppdrett vil være mer til gagn enn til skade.

### **III. Frivilling avtale**

Som det fremgår av Statnett sin ekspropriasjonssøknad, ønsker Statnett å inngå frivillige avtaler med grunneierne.

På vegne av grunneierne opplyses at de er positive til å søke å finne frem til minnelig løsning i saken. Slike minnelige forhandlinger har så langt ikke vært gjennomført og grunneierne foreslår at det nå gjennomføres.

På vegne av grunneierne vises samtidig til oreigningsloven § 12 og forskrift av 2.6.1960, nr. 4, hvor det anføres at det i alminnelighet bør gjøres forsøk på å komme til minnelig ordning før det søkes om ekspropriasjonstillatelse. På denne bakgrunn henstilles til NVE om at ekspropriasjonssøknaden ikke behandles før Statnett har søkt å finne frem til minnelig løsning med grunneierne gjennom forhandlinger.

#### **IV. Forhåndstiltredelse**

Statnett har i sin søknad også søkt om forhåndstiltredelse etter oreigningsloven § 25. Statnett har ikke gitt noen begrunnelse for sin søknad om forhåndstiltredelse.

På vegne av grunneierne gjøres gjeldende at det ikke er grunn til å behandle søknad om forhåndstiltredelse før forholdet til minnelig forhandlinger, ekspropriasjon og eventuelt fremme av skjønn har funnet sted. Grunneierne vil begrunne dette nærmere hvis Statnett opprettholder søknad en parallelt med at det søkes om ekspropriasjon.

#### **V. Ekspropriasjonssakens videre behandling**

På vegne av grunneierne er det ønskelig å bli holdt løpende orientert om ekspropriasjonssakens videre behandling, herunder å få tilsendt Statnett sine merknader til høringsrunden.

Med vennlig hilsen  
Harris Advokatfirma AS

  
Frode S. Halvorsen (sign.)  
Advokat (H) /Partner  
fsh@harris.no  
975 45 160





## Føresegn

Jf. plan- og bygningslova (pbl) § 12-7.

### Detaljregulering for Oksneset næringsområde gnr. 240, bnr. 133 mfl.

Saksnummer: 20/8271

Nasjonal arealplan-ID: 4626 125920190005

Sist revidert 08.05.2023

Vedteken: 11.05.2023

#### § 1

##### INTENSJONAR I PLANEN

Føremålet med planen er å leggje til rette for framtidig næringsetablering med landbasert oppdrettsanlegg. Før bygging av oppdrettsanlegget skal det takast ut massar på tomta. Planen tek utgangspunkt i detaljreguleringsplan med planID 125920080004 frå 2012 som i hovudsak regulerte planområdet til industri og trafikkområde i sjø og vassdrag.

#### § 2

##### FELLESFØRESEGNER

(PBL § 12-7)

##### 2.1 Dokumentasjon ved søknad om tiltak

- 2.1.1 Ved søknad om tiltak (nybygg) skal det leggjast ved utomhusplan som viser vegar, murar, trapper, skjeringar/fyllingar, avkøyrslar, VA-anlegg, og overvasshandtering, nettstasjon, miljøstasjon/avfallsstasjon, materialbruk og eventuelle støyskjermingstiltak.

Utomhusplanen skal også syne ev. vegetasjon og grøntområde og løysing for tilkomst til straum-master i naturområde GN1 for vedlikehald.

Utomhusplanen skal vise utforming og opparbeiding av terreng, og korleis eksisterande terreng vert best mogleg ivareteke ved forskjellar i høgdenivå.

- 2.1.2 Plan for belysning av uteområde skal inkludrast i søknad om nybygg.

- 2.1.3 Ved søknad om løyve til nybygg skal det leggjast ved illustrasjonar som viser fjernverknader og tilpassing til terreng og landskap, jf. § 2.6 og § 2.7.

##### 2.2 Illustrasjonsplan

- 2.2.1 Utarbeida illustrasjonsplan datert 11.10.2021 tilhøyrande reguleringsplanen er retningsgjevande for disponering av området og utforming av bygningar.

##### 2.3 Overvatn

- 2.3.1 Ved søknad om nybygg skal det gjerast greie for tiltak for infiltrasjon, drenasjevatt og overvatn frå tak og tette flater.
- 2.3.2 Ved søknad om nybygg skal det vurderast bruk av ikkje-tette overflatedekke i staden for asfalt. Avrenning frå tette flater skal leiast til terreng, infiltrasjonsflater eller fordrøyingsmagasin. Naudflomveg må også vurderast i søknad.

##### 2.4 VA-rammeplan

- 2.4.1 Ved søknad om tiltak skal det leggjast ved godkjent VA-rammeplan.
- 2.4.2 Det kan etablerast nødvendige private og offentlege leidningar/røyr/kummar/kulvertar/ borehol under bakkenivå på landareala i heile planområdet, uavhengig av regulert føremål med unntak av i føremåla GN1. Regulert byggjegrænse gjeld ikkje for desse tiltaka.
- 2.4.3 Tekniske anlegg i bakken skal dekkast til, men kan ikkje byggast over med anlegg og bygningar som gjer vedlikehald og liknande vanskeleg.

##### 2.5 Anleggsfase

- 2.5.1 Avfall frå utbygginga skal transporterast til godkjent fyllplass. Masseoverskotet skal transporterast bort sjøvegen.
- 2.5.2 Ved opparbeiding av areala skal spreieing av sediment og steinpartiklar til sjø forhindrast, t. d. med bruk av siltgardin.

2.5.3 Det kan drivast med uttak og knusing av stein på området jf. § 2.11. Sjå §3.6 for samdrift mellom uttak av massar og akvakultur.

2.5.4 Rystelsar på Mongstad Gassrøyr (MGR) skal ikkje overstige 25mm/s. Alle tiltak må avklarast med leidningseigar, jf. §9.2.1.

## 2.6 Arkitektur, estetikk og kvalitet

2.6.1 Tiltak skal plasserast og utformast slik at området får ein god arkitektonisk og funksjonell heilskap i høve til eksisterande omgjevnader.

2.6.2 Ved utarbeiding av byggetiltak skal det leggest vekt på bruk av miljøvennlige kvalitetar i val av materialar, vegetasjon og belysning.

2.6.3 Fargebruk skal tilpassast ein jordfargeskala som ikkje skil seg ut eller gjev dominerande fjernverknad av planområdet.

## 2.7 Landskap og terreng

2.7.1 Høge skjeringar skal avtrappast med mellomnivå. Mellomnivået kan plantast med stadeigen vegetasjon for å redusere fjernverknadene av skjeringane.

2.7.2 Fjellskjering skal sikrast etter kvart som næringsområdet vert ferdig planert.

2.7.3 Natursteinmurar og andre murtypar skal først opp i samsvar med krav og tilrådingar i Statens vegvesen sine handbøker.

## 2.8 Universell tilkomst

2.8.1 Tilkomst til bygningar skal i størst mogleg grad ha universell utforming. Administrasjons- og kontorbygningar skal ha universell tilkomst.

2.8.2 Utrykkingskøyretøy skal ha tilfredsstillande tilkomst til alle bygg.

## 2.9 Tilrettelegging for bosshandtering

2.9.1 Det skal etablerast tilstrekkeleg med miljøstasjonar for boss, papir mm. innanfor området. Stasjonane skal skjermast/overbyggjast ut i frå omsyn til estetikk, tryggleik og forureining.

## 2.10 Forureining

2.10.1 For drift av bygga skal det etablerast renovasjonsløyisingar som skal inkludere handtering av spesialavfall og farleg avfall.

## 2.11 Støy

2.11.1 Anleggsfasen skal vere måndag til fredag mellom kl. 07 og 19. Naboar skal varslast på førehand om arbeid knytt til sprenging og steinknusing. Det skal ikkje utførast arbeid på heilagdagar, påskeveka, fellesferien eller i romjula.

2.11.2 Verksemd knytt til akvakultur skal forholde seg til krav om støynivå etter gjeldande statlege retningsliner T-1442, tabell 3, kategori «øvrig industri». Støyutsett busetnad skal skjermast etter gjeldande statlege retningsliner.

2.11.3 Anlegg skal generelt utformast slik at dei gjev minst mogleg støy og ev. lydisolert.

## 2.12 Byggjegranser

2.12.1 Nye tiltak skal plasserast innanfor byggegrensene. Der byggjegransa ikkje er synleg i plankart, går den i føremålsgrensa.

2.12.2 Kai, fjellsikring, tilrettelegging av skråning og tekniske bygg som pumpehus, VA, trafo eller liknande kan plasserast nærmare sjø enn byggegrense mot sjø. Tiltak må ligge innanfor formål som opnar for det.

## 2.13 Energibruk

2.13.1 I samband med byggjesøknad for nybygg skal det vurderast alternative energikjelder. På tak kan det etablerast solceller i jf. § 5.1.2.

2.13.2 Det er tillat med tilkomst til eksisterande/framtidig straummaster for naudsynt vedlikehald uavhengig av føremål.

## 2.14 Belysning

2.14.1 Belysning innanfor område skal utformast slik at det ikkje verkar forstyrrende i forhold til innsegling og nærområde.

## 2.15 Nettstasjonar

2.15.1 Nettstasjonar og elektriske kablar kan etablerast innanfor utbyggingsføremåla bygningar og anlegg, og samferdsel og teknisk infrastruktur.

## 2.16 Automatisk freda kulturminne

- 2.16.1 Dersom det i samband med gravearbeid kjem fram funn eller konstruksjonar, skal arbeidet straks stansast og fylkeskonservatoren få melding for ei nærare gransking på staden, jf. Kulturminnelova § 8, 2. ledd.
- 2.16.2 Dersom ein finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne under arbeid i sjøområde, må tiltakshavar informere Bergen sjøfartsmuseum om dette.

## 2.17 Tiltak i sjø

- 2.17.1 Tiltak som kan påverke tryggleik eller ferdsløys på sjø krev løyve frå Bergen Havn, jf. havne- og farvannsloven § 14. 1. ledd.

## 2.18 Overnatting

- 2.18.1 Det er ikkje opning for overnatting innanfor planområdet grunna nærleik til gassrørledning Kollsnes- Mongstad.

## 2.19 Lukt

- 2.19.1 Slam og avfall frå produksjon skal lagrast, og mellomlagrast, i lukka tankanlegg.

## §3

### REKKEFØLGJEKRAV

#### 3.1 Sikring av skjeringar (GAA)

- 3.1.1 Før næringsområda kan byggjast ut må det gjennomførast ei stabilitetsvurdering av skjeringar i område GAA. Ev. krav til sikring av skjering skal vere etablert før løyve til tiltak kan gjevast.
- 3.1.2 Skjeringar/anleggsområde skal sikrast mellombels i anleggsfase og sikrast permanent med gjerde før løyve til nybygg kan gjevast.

#### 3.2 Veg (V)

- 3.2.1 Før det kan gjevast bruksløyve for nybygg i NÆ skal vegen V1 og f\_V2 opparbeidast med naudsynt sideareal, snuhammar, og kryssutforming mot o\_KV i tråd med godkjend plan.

## 3.3 Vassvegen frå Hellevatnet (BG)

Det skal takast grep for å restaurere området rundt Hellebekken tilbake til ein meir naturleg tilstand, slik at bekken kan oppretthalda sin funksjon som leveområde og/eller vandringsveg for ål og anna biologisk mangfald.

- 3.3.1 Det må etablerast tydeleg vass-streng i bekken med tilhøyrande kantvegetasjon bestående av stadeigen vegetasjon (trær og busker) frå Hellevatnet og til fjorden.
- 3.3.2 Lausmassar som er tippa i området skal ryddast vekk.
- 3.3.3 Tiltaket med restaurering må vere gjennomført før det kan gjevast bruksløyve for bygning innanfor NÆ2.
- 3.3.4 Overvaking av framand skadeleg art – park-/hybridlirekne (*Reynoutria* sp.) Det er gjennomført tiltak for å fjerna arten. Dersom det ligg att røter/restar av arten skal massar frå dette området leverast til godkjent deponi.

#### 3.4 Følgjande tiltak skal vera ferdigstilt før det kan gjevast igangsetjingsløyve for oppføring av bygg knytt til landbasert akvakultur innanfor NÆ1-6:

- 3.4.1 Planfri kryssing (o\_SGS2-4) for mjuke trafikantar under o\_SKV01 (fv 561) som vist i plankart for detaljregulering [Energiparken Vest](#) med nasjonal planID 4626\_20210002.
- 3.4.2 Oppgradering av busslommene o\_SKH1 og o\_SKH2 langs fv 561, som vist i plankart for detaljregulering [Energiparken Vest](#) med nasjonal planID 4626\_20210002. Busslomma skal tilpassast krav for nye bussar, universell utforming og venteskur.

#### 3.5 Følgjande tiltak skal vera ferdigstilt før oppstart av kommersiell produksjon frå tiltak innan landbasert akvakultur:

- 3.5.1 Opparbeiding av regulert fortau, o\_FO, langs o\_KV.

### 3.6 Samdrift mellom råstoffutvinning og landbasert akvakultur

- 3.6.1 Uttak av stein skal vera heilt avslutta innanfor eit delfelt før delfeltet kan nyttast til landbasert akvakultur.
- 3.6.2 Nye uttaksområder skal vera fysisk fråskilt frå delfelt kor drifta er avslutta eller det har blitt satt i gang med landbasert akvakultur.
- 3.6.3 Midlertidige anleggsvegar, omkøyringsvegar og riggareal skal sikrast i forkant av kvar utbyggingsfase.

#### **Oppsummering rekkefølgjekrav:**

Følgjande tiltak skal vere ferdigstilt før det gjevast igangsetjingsløyve:

Arealføremål	Rekkefølgjekrav
NÆ1-6	GAA, sikring av skjeringar jf. § 3.1. o_SGS2-4, planfri kryssing under o_SKV01 (fv 561) i planID 20210002 jf. §3.4.1 o_SKH1-2, oppgradering busslommer o_SKH1 og 2 i planID 20210002 jf. §3.4.2.

Følgjande tiltak skal vere ferdigstilt før det kan gjevast bruksløyve:

Arealføremål	Rekkefølgjekrav
NÆ1-6	V1 med tilhøyrande sideareal jf. § 3.2. f_V2 med tilhøyrande sideareal jf. §3.2. Næringsformål kan ikkje takast i bruk før masseuttak og massetransport i arealføremålet er avslutta jf. §3.5.
NÆ2	BG, restaurering av vassveg jf. § 3.3.

Følgjande tiltak skal vere ferdigstilt før oppstart av kommersiell produksjon frå landbasert akvakultur:

Arealføremål	Rekkefølgjekrav
NÆ1-6	o_FO langs o_KV jf. § 3.5.1

## § 4

### EIGARFORM

#### 4.1 Offentlege arealføremål

- 4.1.1 Følgjande arealføremål skal vere offentlege:
- o\_KV er offentlig køyreveg
  - o\_V3 er offentlig køyreveg
  - o\_FO er offentlig fortau
  - o\_AVT3, o\_AVT7 og o\_AVT8 er offentlig annan veggrunn-teknisk anlegg

#### 4.2 Felles arealføremål

- 4.2.1 Følgjande arealføremål skal vere felles:
- V1 og f\_V2 er felles veg
  - AVT1, AVT2, AVT4, f\_AVT5 og f\_AVT6 er felles annan veggrunn teknisk anlegg
  - KAI er felles kai
  - NÆ1-6 er felles næringsbebyggelse

## § 5

### BYGG OG ANLEGG

(pbl § 12-5 nr.1)

#### 5.1 Næringsbygningar (NÆ)

- 5.1.1 Innanfor NÆ1-6 kan det førast opp bygg og anlegg for landbasert akvakultur, frittstående fiskekar, gasstank, bygg for vasshandsaming, nettstasjon/trafo, leidningsnett, veg- og parkeringsanlegg samt tekniske installasjonar som er nødvendig for drifta.
- 5.1.2 Byggjehøgda skal ikkje vere til hinder for etablering av solceller på tak. Ved etablering av solceller gjeld 2.13.1.
- 5.1.3 Utbygging kan gjennomførast i byggetrinn innanfor byggeområdet.
- 5.1.4 Parkeringskrav for område:  
Det skal etablerast 50 stk. parkeringsplassar for bil.  
10 stk. av desse skal vere for el-bil.  
3 stk. av parkeringsplassane skal vere HC-parkering.  
Det skal etablerast 15 stk. sykkelparkering.
- 5.1.5 Maksimalt tillatt bygd areal er 85 % BYA.

- 5.1.6 Det skal sikrast nok avstand til bygg for tilkomst til vedlikehald av sikringstiltak.
- 5.1.7 Bygg kan plasserast uavhengig av føremålsgrenser i næringsområda.
- 5.1.8 For- og oksygenanlegg kan plasserast uavhengig av byggegrense i NÆ4 og N5.
- 5.1.9 Det tillatast uttak av stein i NÆ1-6 i samband med tilrettelegging av områda til næring.
- 5.1.11 Næringsområde NÆ1
- 5.1.11.1 Planeringshøgde skal vere minimum kote + 3,0.
- 5.1.11.2 Maksimal byggehøgde er 12 meter.
- 5.1.12 Næringsområde NÆ2
- 5.1.12.1 Planeringshøgde skal vere minimum kote + 3,0.
- 5.1.12.2 Maksimal byggehøgde er 22 meter.
- 5.1.13 Næringsområde NÆ3
- 5.1.13.1 Planeringshøgde skal vere minimum kote + 3,0.
- 5.1.13.2 Maksimal byggehøgde er 22 meter.
- 5.1.14 Næringsområde NÆ4
- 5.1.14.1 Planeringshøgde skal vere minimum kote + 3,0, og maksimum kote + 6,0.
- 5.1.14.2 Maksimal byggehøgde er 22 meter og ikkje høgare enn kote + 28,0.
- 5.1.15 Næringsområde NÆ5
- 5.1.15.1 Planeringshøgde skal vere minimum kote + 3,0.
- 5.1.15.2 Maksimal byggehøgde er 22 meter.
- 5.1.16 Næringsområde NÆ6
- 5.1.16.1 Planeringshøgde skal vere minimum kote + 3,0.
- 5.1.16.2 Maksimal byggehøgde er 22 meter.

## § 6

### SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (pbl § 12-5 nr. 2)

#### 6.1 Veg (V)

- 6.1.1 F\_V2 og V1 omfattar privat tilkomstveg til næringsområdet Oksneset. Den skal opparbeidast med ei breidde på 6,0 meter. Maksimal stigning kan vere 8 %. Mindre justeringar kan gjennomførast mot AVT så lenge trafikktryggleiken er ivaretatt.
- 6.1.2 Del av tilkomstveg V1 skal etablerast med ei breiddeutviding på 3 meter. Arealet skal nyttast som oppstillingsplass for vogntog som ventar på lossing/lasting.
- 6.1.3 Langs Hellevatnet er det lagt inn eit rekkverksrom på 0,75 meter kor det kan setjast opp kjøresterkt rekkverk.

#### 6.2 Køyreveg (o\_KV)

- 6.2.1 o\_KV omfattar kommunalveg 3114 Dalsnesvegen. Den skal ha ei breidde på 6 meter med 0,75 meter skulder på høgare side og kantsteinklaring 0,25 meter på venstre side.

#### 6.3 Fortau (o\_FO)

- 6.3.1 o\_FO er fortau langs Dalsnesvegen (o\_KV) og har ei breidde på 2,5 meter.

#### 6.4 Annan veggrunn-teknisk anlegg (AVT)

- 6.4.1 Føremåla skal etablerast ved oppgradering/bygging av tilhøyrande vegstrekningar.
- 6.4.2 Arealet kan nyttast til skjering, fylling, grøft og rekkverk langs veg o\_KV, o\_FO, V1 og f\_V2 til næringsområdet.
- 6.4.3 Areal langs V1 og f\_V2 kan nyttast til tilrettelegging for mjuke trafikantar.
- 6.4.4 Sideområda o\_AVT er underlagt eigne krav frå Øygarden kommune, og tiltak i området skal avklarast med kommunen.
- 6.4.5 Det skal sikrast tilkomst via AVT4 til mastene i GN1 for vedlikehald og tilsyn.

## 6.5 Kai (KAI)

- 6.5.1 Området KAI skal nyttast til kai for næringsområda. Ny kai skal ha minimum topp kaidekke på kote + 3,0 moh.
- 6.5.2 I føremålet er det høve til å etablere fyllingsutslag frå tilgrensande næringsføremål Fyllinga skal plastrast.
- 6.5.3 Byggjegrænse går i føremålsgrense mot sjø.

## § 7

### GRØNSTRUKTUR (pbl § 12-5 nr. 3)

#### 7.1 Blågrønnstruktur (BG)

- 7.1.1 I GBG kan vassvegen frå Hellevatnet restaurerast ved å etablere vass-streng i bekken med tilhøyrande kantvegetasjon jf. rekkefølgjekrav punkt 3.3. Framføring av teknisk infrastruktur er tillat.
- 7.1.2 I delar av området er det sett av omsynssone H410, her er det opna for at Statnett kan byggje nye el-forbindelsar.

#### 7.2 Naturområde (GN 1-2)

- 7.2.1 Eksisterande toppar og vegetasjon i GN1 skal ivaretakast for ei naturleg avslutning av masseuttaket sett frå vest mot aust.
- 7.2.2 I område GN2, eksisterande holme nordaust for Oksneset, er det ikkje opna for at det kan gjerast tiltak.

#### 7.3 Angitt grønnstruktur kombinert med andre angitte hovedformål (GAA)

- 7.3.1 Arealet skal nyttast til kombinert grøntstruktur med bebyggelse og anlegg (hovudføremål) der underføremål er næringsbebyggelse.
- 7.3.2 Området skal fungere som buffer/vegetasjonsskjerm mellom næringsområde og tilgrensande naturområde der det er tillate med skjering.

- 7.3.3 Skjeringar/anleggsområde skal sikrast mellombels i anleggsfase og sikrast permanent med gjerde før løyve til nybygg kan gjevast jf. § 3.1.

## § 8

### BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE (pbl § 12-5 nr. 6)

#### 8.1 Fellesføresegrer for FE, BSV og VAA

- 8.1.1 Framføring av teknisk infrastruktur er tillat.
- 8.1.2 Alt arbeid som skal gjerast i samband med sjøvassleidningane må gjerast så skånsamt som mogleg for å ta omsyn til marine naturtypar av høg verdi i området. Større inngrep og støyande arbeid i sjø bør gjennomførast i haust-/vinterhalvåret.

#### 8.2 Ferdsl (FE)

- 8.2.1 Området skal sikre ferdsel via VAA til kai (KAI) og næringsområda (NÆ).

#### 8.3 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (BSV)

- 8.3.1 I felt BSV1 kan det gjerast tiltak for å sikre at Hellebekken kan oppretthalde sin funksjon som leveområde og/eller vandringsveg for ål og anna biologisk mangfald.
- 8.3.2 Felt BSV2 er avsett til vern av naturområde i ein buffersone kring holmen utanfor Oksneset.

#### 8.4 Angitt formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone kombinert med andre angitte hovedformål (VAA)

- 8.4.1 Området skal vere eit ferdselsområde for bileia Osundet, og farkostar til kaianlegget på Oksneset, og kan nyttast til fortøying, lasting og lossing.

## § 9

### OMSYNSSONER

(pbl § 12-6, § 12-7 og § 11-8)

#### 9.1 Sikringszone Frisikt (H140 1-3)

Innanfor frisiktsoner H140(1-3) skal avkøyrslar ha ei fri sikt på 0,5 meter over plan på tilgrensande veg.

#### 9.2 Brann/-eksplosjonsfare (H350 1-2)

9.2.1 Omsynssone H3501-2 gjeld eksisterande gassrørleidning på land kring Mongstad Gassrør. Det er ikkje tillate med tiltak som kjem i konflikt med gassrørleidninga. Ny infrastruktur skal vere minimum 90 cm frå Mongstad Gassrør. Alle tiltak må avklarast med leidningseiar.

#### 9.3 Punktsymbol ↔

Avkøyrslar-inn og utkøyring er vist til tilgrensande næringsføremålet på 242/6. Her kan det tillatast større breidde på avkøyrslar enn iht. Vegstandard. Avkøyrslar skal vere kanalisert. Plassering av avkøyrslar er retningsgjevande.

#### 9.4 Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenkablar) (H370 (1-2))

- 9.3.1 Omsynssone H370(1-2) gjeld eksisterande høgspent luftleidning. Det er ikkje tillate med tiltak som kjem i konflikt med høgspenteleidning. Alle tiltak må avklarast med leidningseiar.
- 9.3.2 Byggjeforbodsbeltet er på totalt 16 meter, 8 meter målt horisontalt ut til kvar side frå luftleidning.
- 9.3.3 Det kan ikkje gjerast inngrep i terrenget som medfører redusert høgde opp til luftleidningsanlegg.
- 9.3.4 Alle tiltak i terreng og anleggsarbeid innanfor omsynssone skal på førehand avklarast med leidningseigar.
- 9.3.5 Eksisterande luftstrekk kan erstattast av kabeltrasè i planområdet etter avtale med BKK. Det kan ikkje planleggjast for bebyggelse over eller

nært kabelgrøft, slik at kabelanlegget kan utsetjast for fare, og framtidig tilkomst vert hindra.

#### 9.5 Infrastruktursone (H410)

##### 9.4.1 Infrastruktursone H410

Omsynssone for infrastruktur er på totalt 42 meter. I sone kan det etablerast ny leidningstrasè for auka nettkapasitet.

9.4.2 Innanfor omsynssone er det byggjeforbod, med unntak av etablering av veg (V), annan veggrunn (AVT) og planering for deler av NÆ6.

9.4.3 Alle tiltak i terreng og anleggsarbeid innanfor omsynssone skal på førehand avklarast med leidningseigar.

9.4.4 Statnett skal kontaktast seinast 6 veker før planlagt oppstart av arbeid innanfor omsynssone. Synfaring skal gjennomførast og aktuelle sikringstiltak skal vere på plass før oppstart av arbeid. Det skal etablerast varslingsrutinar for sprengingsarbeid som er godkjent av Statnett.

#### 9.6 Bandlegging etter andre lover (H 740) – Energilova

- 9.5.1 Omsynssone H740(1-3) har eit byggeforbodsbelte på totalt 42 meter, 21 meter målt horisontalt ut til kvar side frå senter av leidning.
- 9.5.2 Innanfor omsynssone er det byggjeforbod, med unntak av etablering av veg (V), køyreveg (KV), annan veggrunn (AVT), fortau (FO) og planering av næringsområde NÆ2, NÆ3, NÆ4 og NÆ5.
- 9.5.3 Alle tiltak i terreng og anleggsarbeid innanfor omsynssone skal på førehand avklarast med Statnett.
- 9.5.4 Det er varslingsplikt for arbeid nærare enn 30 meter frå næraste straumførande line.
- 9.5.5 Statnett skal kontaktast seinast 6 veker før planlagt oppstart av arbeid innanfor omsynssone. Synfaring skal gjennomførast og aktuelle sikringstiltak skal vere på plass før oppstart av arbeid. Det skal etablerast



varslingsrutinar for sprengingsarbeid med Statnett.

- 9.5.6 Det må innanfor omsynssona takast omsyn til naudsynt drift og utvikling av eksisterande og framtidig kraftnett/anlegg.

Multiconsult Norge AS  
Dato 23.02.2023




# Ny Øygarden transformatorstasjon



## Tegnforklaring

- Eksisterende regionalnett
- Eksisterende sentralnett
- Ledning omlegging
- Ledning rives
- Eksisterende distribusjonsnett
- Ny eiendomsgrense
- Eksisterende transformatorstasjon
- Eksisterende byggeforbudssone
- Nye bygg
- Bygg
- El Anl planlagt
- El Anl mulig utvidelse
- Gjerde
- Veiareal inkl P areal
- Opparbeidet område
- Ny byggeforbudssone

Rev	Utgivelse / rev beskrivelse	Utarbeidet		Dato
1.0		mariesu		05.06.2023
Prosjekt <b>Konsesjonskart</b>				
Tittel Ny Øygarden transformatorstasjon			Målestokk Koordinatsystem	
Byggherre <b>Statnett</b>			Høydereferanse Format NN2000 A3	
Gradering <b>Offentlig</b>				
Erstatter dokument		Dokumentnummer <b>Vedlegg 2</b>		



**Teiknforklaring**

**Reguleringsplan PBL 2008**

**§12-5. Nr. 1 - Bygninger og anlegg**

BN Næringsbygninger (1300)

**§12-5. Nr. 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur**

SV Veg (2010)

SKV Køyevveg (2011)

SF Fortau (2012)

SVT Annen veggrunn - teknisk anlegg (2013)

SVG Annen veggrunn - grenseareal (2015)

SK Kai (2041)

**§12-5. Nr. 3 - Grensstruktur**

GDG Bilgrensstruktur (3002)

GN Naturområde (3020)

GAA Angitt grensstruktur kombinert med andre angitte hovedformål (3000)

**§12-5. Nr. 6 - Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørende strandsone**

V Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone (6001)

VVE Ferdssal (6100)

AA Angitt formål i sjø og vassdrag med eller uten tilhørende strandsone kombinert med andre angitte hovedformål (6000)

**§12-6 - Omsynssoner**

FNK Frøkt (140)

BNK Brann-fekstoppsoner (350)

HAH Hagsperreområde (inkl. hagsperrekanaler) (370)

KK Krav som geld infrastruktur (410)

BAK Bandlegging etter andre lover (740)

**Linjesymbol**

— Planegrense

--- Formålgrense

--- Byggelinje (1211)

--- Reguleringslinje (1221)

--- Frøktlinje (1222)

--- Måle og avstandslinje (1259)

--- Grense for feresone

--- Grense for infrastruktursoner

--- Grense for bandleggingssone

**Punktsymboler**

↔ Avkjørsel - både inn og utkjøring (1242)

Kartprosjektør  
Kjelle for bosted: FKJ  
Dato for bosted: 16.09.2016  
Koordinatsystem: UTM zone 32 bevest p1 EUR94/WGS84  
Høgdeprosjekt: N2000

Elevingskala: 1 m

Kartkoordinat: 11500 m (EØ)

**Detaljregulering**  
**Oksneset Næringsområde\_B**  
Med tilhørende forespørger

ProsjektID: 462\_2019005

Føroyarljóð: Blom Fiskeripósti AS

**SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA**

Dato: 22.01.2022 Revisjon: Under planarbeid

Dato: 22.01.2022 Revisjon: 2.01.2022 MHB

Blom Salmon  
AS

sak  
Oksneset AS.

